

Leder Fremskrittspartiet

Ikke mette på makt

Fremskrittspartiet er blitt vant til å styre og liker det mer og mer, men i hvilken retning bærer det?

Selv om helgens landsmøte ble av det rolige slaget, ligger det et uforløst drama like under overflaten. Det er både av personlig og politisk art, og det grunn til å tro at «Listhaug-fløyen» er et begrep som vil gå igjen i tiden som kommer.

Det skyldes delvis populariteten Sylvi Listhaug har opparbeidet seg, men like mye den politiske linjen hun har lagt seg på. Langt på vei utsatte partiet persondelen av konflikten ved å gjenvelge hele ledertrioen. Risikoen er at begge nestlederne verken har stortingsplass eller regjeringstabilitet om fire måneder.

Listhaugs styrke, i tillegg til at hun er en dyktig politisk håndverker, er hennes folkelige appell. Det skyldes evnen til å legge øret til bakken og forstå hva som rører seg blant folk. I likhet med den gamle partieieren Carl I. Hagen er hun mindre opptatt av å fremme en konsekvent

Partiet er tilfreds med å sitte i posisjon.

ideologi. Listhaugs mantra er å være beintøff i innvandringspolitikken og konservativ bortimot det pietistiske i verdspørsmål, selv om også hun er for søndagsåpne butikker.

Det kan nok hjelpe henne i valgkampen i Møre og Romsdal, og partiet i kamp om de kristne og distriktene. Om det lykkes Frp å bygge et annerledesland, med gudfryktighet, åpne oljekraner, stengte grenser og åpne butikker, er et annet spørsmål.

Partiet har ikke tradisjon for å løse dype konflikter med politikk. Det ender ofte med eksklusjoner, utmeldinger og splittelse. Derfor vil det neste året vise om partiet har vokst også på dette området. Vi skal ikke se bort fra at de har lært seg å leve med slike motsetninger i større grad enn motstanderne liker. Det er blant annet i mangel på andre store saker at det har vært så mye snakk om Jensen/Listhaug- og populisme/liberalisme-diskusjonene, selv om det ikke er tvil om at dette er noe partiet må håndtere.

Det har kostet både skatte kroner og bompenger, men partiet er særdeles tilfreds med å sitte i posisjon. Få av medlemmene har noe behov for å komme ut regjering. Akkurat nå er det ikke mye som tyder på at regjeringen får fortsette etter valget, men det kan fort snu. Uten en forpliktende avtale med KrF og Venstre, vil politikken uansett bli annerledes.

For eksempel kan det åpne for kompromisser mellom Ap, H og Frp i oljepolitikken, dersom verken sentrum eller SV kommer i posisjon til å blokkere.

**PITTER**

Sjefen for Norske Skog har sagt opp. Til slutt så han ikke jobben for bare trær.

Gjestekommentar

Gje vekk Oljefondet?

Rikdom gjev handlingsrom – til fritid og gaver utan tanke på eiga vinning.



Klaus Mohn
Professor, Handels-
høgskolen ved UIS
og NHH

Det går ei bølge av miskunn gjennom den norske milliardærstanden. Etter som livet passerer mid-dagshøgda og forbruket ikkje lenger strekk til, melder den eine etter den andre om at no er det slutt på det smalspora jaget etter profitt og avkastning; no er det sosiale investeringar og samfunnsansvar som tel – filantropi.

Frå vinning til velgjerning

Andresen-familien selde seg ut av tobakksindustrien i 2008, familieselskapet Ferd har blitt kjent for filantropi og sosialt entreprenørskap, og styreleiar Johan H. Andresen er i dag leiar for Etikkrådet for Statens pensjonsfond utland (Oljefondet).

Trond Mohn har gitt bort nærmare fem milliardar kroner til idrett, utdanning og forskning. Olav Thon gir bort pengar til forskning for ikkje å «øydelegge» avkommet sitt ved å etterlate seg for store verdier. Sist ut er Kjell Inge Røkke, som vil la brorparten av formuen kome samfunnet til gode, og startar den sosiale utbyttefesten med eit forskningsskip til Verdas naturfond (WWF).

Konsekvensen er ikkje verre enn at med må arbeide like mykje som nabolanda våre for inntekter og velferd på tilsvarande nivå.

Når enkeltmenneske blir tilstrekkeleg rike, så ser ein stundom at merksemda dreier frå vinning til velgjerning. At WWF-sjef Nina Jensen jublar over ei slik utvikling, er vel ikkje til å undre seg over. Meir interessant er spørsmålet om desse tendensane er noko å merke seg for søstera hennar og resten av Finansdepartementet.

Nærmare det seg nok for Noreg?

La oss tenke oss at rikdom ikkje berre endrar enkelt-personar, men også nasjonar. For Noreg burde ein i så fall sjå at 8000 milliardar oppsparte kroner på Oljefondet etter kvart legg ein dempar på interessa for enno meir pengar, og at presset heller aukar for å nytte det økonomiske handlingsrommet til meir fritid og gaver til gode formål.

I ytste konsekvens kunne tankesettet innebære at

Avisen Stavanger Aftenblad skal ha en liberal grunnholdning med vekt på uavhengighet av politiske partier, grupper og særinteresser.

Fra Stavanger Aftenblads vedtektsfestede formål

MENINGER

Drøset

Kakekrigen

Alle disse dagane som kom og gikk. Dagane bestod av timar. Kva fylte han timane med? Syltetøy. Krem. Italiensk marengs. Pasjonsfruktcurd. Mousse av sjokolade.

Spørsmålet slo ned i han då dei - han og ho som ein gong i tida mirakuløst nok hadde sagt «ja» då vigselmannen spurde - kjempa seg gjennom finaleveka i «Kakekrigen». Dei kjempa seg ikkje gjennom som deltakarar, men som sjåarar. Ikkje frå kjøkkenet, men frå sofaen i stova. Dei hadde brukt kveldane i fleire månader for å koma å jour. Nå hadde dei kome til episodane 40 til 44. Til dryppkaker, ei flambert iskake, og, til slutt, ei for-seggjort bryllupskake.

Han likte godt å sjå på tv. Han el-ska mange av kvalitetsseriane som bare var nokre tastetrykk unna, gleda seg til alt han skulle sjå. Ti-tolv episodars forteljingar av beste merke, eit lite års ventetid, så ein ny sesong. Han hadde akkurat sett «Quarry» på HBO Nordic. Ni kanonbra episodar frå Memphis på 1970-talet. «Taboo». Ti bek-mørke timar med



Tom Hardy. Han gleda seg til siste sesong av «Game of Thrones».

Men «Kakekrigen», altså. 44 episodar per sesong. Kvar episode på rundt ein time, inkludert reklame. Det innebar 44 timar per sesong med å sjå på ukjende folk knekka egg, piska krem og steika nøttebotn. Langt over ei arbeidsveke med å sjå to dommarar smaka kaker han sjølv aldri ville få smaka, vurderer om marengsen var for mykje piska, om sukkerbrødet var tilstrekkeleg dynka. Og alt dette bare i sesong seks!

Han torde ikkje tenkja for grundig over kor mange Kakekrig-sesongar han hadde sett. Kor lang tid han hadde brukt på kvinnekanalen Fem. Kor mange arbeidsveker hadde han brukt på sjå temperering av sjokolade, framstilling av karamell, kjøvling av marsipan? Ting han aldri sjølv kom til å gjera. Om han var glad i å eta kaker, var han ingen bakar.

Ville han nokon gong få tilbake desse timane? Nei. Det var bare å sjå framover mot sesong sju.

Det innebar 44 timar per sesong med å sjå på ukjende folk knekka egg.

ein rett og slett gir bort heile Oljefondet. Det er jo i hovudsak tale om pengar på linje med ein tippepremie, og ikkje ein rikdom me har opparbeidd fordi me er meir dugelege enn andre. Så då kan ein vel like gjerne dele med dei som har hatt mindre flaks. Konsekvensen er ikkje verre enn at kvar og ein av oss må arbeide nett like mykje som nabolanda våre for å halde inntekter og velferd på eit tilsvarende nivå.

Den andre ekstremvarianten er å tyne norske naturressursar for alt dei er verdt, forvalte formuen utan andre omsyn enn avkastninga og ikkje dele formuen med andre enn kvarandre og dei som kjem etter oss - her i Noreg, vel å merke. Så langt er det nok denne siste varianten som liknar mest på Den norske modellen.

Medaljen har ei baksida

Likevel ser ein teikn på at rikdommen endrar oss. Det er ikkje så lett å få auge på i dagleglivet, men enkelte av oss har blitt litt mindre opptekne av å stå på for den ekstra tusenlappen, og veljer heller meir fritid. Rundt oss ser ein fleire som kjøpar seg fri frå dugnad, me arbeider kortare veker og deltakinga i arbeidsmarknaden peikar nedover.

Så lenge olje-boomen varte, førte rikdommen rett nok med seg høg vekst i inntekter og forbruk for oss alle, og auken har i tillegg vore stor i offentlege utgifter. Eit mindre heldig utslag er at grunnlaget kan være svekka for meir langvarig økonomisk vekst, og spesielt i ein situasjon der olje- og gassverksemda ikkje lenger er ein vekstmotor.

Produktivitetskommissjonen sin siste rapport peika på ressursrikdommen som ei kjelde til stagnasjon, mellom anna gjennom redusert kvalitet i innovasjon, utdanning og forskning. På samfunnsnivå kan ein dermed sjå tendensar til mindre trykk på tradisjonell vekst og verdiskaping, heilt i tråd med læreboka om ressursrikom.

For innrettinga av Oljefondet og offentlege utgifter

har hovudstrategien vore å skille så skarpt som mulig mellom forvaltninga av finansformuen på den eine sida og finansiering av politikk på den andre.

Eit snev av varme har likevel snike seg inn under dei mørke dressane i Norges Bank. Etske retningslinjer for forvaltninga blei nemleg pressa gjennom av finansminister Kristin Halvorsen allereie for meir enn 10 år sidan, til stor motstand frå Finansdepartementet og Norges Bank, og til skepsis frå dei største politiske partia. Sidan er ordninga utvida ei rekke gonger, og i dag er det etske elementet i forvaltninga omfemna av nær sagt alle partia på Stortinget.

Resultatet er at Oljefondet i dag utelukkar ei rekke selskap basert på at produkta deira er uønskte (td. tobakk og kol) eller at selskapa si åtferd og drift ikkje etterlever minstekrav til menneskerettar, miljø, klima eller korrupsjon. Utan slike retningslinjer kunne Oljefondet vore fleire titals milliardar kroner større enn det er i dag. Ein avstår frå inntekt for å møte etske minstekrav, og dei etske retningslinjene inneber dermed eit offer. Igjen finn me altså eit islett av filantropi sjølv i den reinskorne finansforvaltninga.

Vikarierende motiv

Om ein ser utover finansforvaltninga, så er dette ei utvikling som grip om seg i det norske korporativet. Med god hjelp frå politikarar og lobbyistar med vikarierende motiv finn den norske rikdommen vegen inn i stadig fleire aktivitetar og investeringar der gevinstane blir skrudd i været og kostnadane blir under-vurderte, slik at utsiktene til økonomisk avkastning i beste fall blir diskutabile.

Desto viktigare blir det å legge til rette for eit godt informert, ærleg og ope ordskifte rundt motiv og mål for handteringa av rikdommen. Berre slik kan ein sikre at forvaltninga av ressursrikdommen, når alt kjem til alt, skjer i tråd med fellesskapen sine økonomiske og politiske interesser.

@Mohnitor



Biletet frå Oljemuseet lyg i dag, for det er nesten eitt år gammalt, frå 19. mai 2016. Sidan då har verdien av Oljefondet auka med over 1000 milliardar, til 8100 milliardar kroner. Kunne andre ha nytta pengane betre? FOTO: JARLE AASLAND

Pressens faglige utvalg (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet, som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

Aftenbladet betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.

MER DEBATT
SIDE 29-30

Må ikke bli en ren avfallsmelding
Vibeke H. Madsen, Hovedorganisasjonen Virke
Eg gler meg til å bli bonde!
Erik Østebø, Talgje